

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. I

Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etnedal

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Lærar Martin Lundstein Gard:

(adresse): Fruflat

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Både ard og plog er brukt i bygda her.

2

Arden er framleis i bruk i bygden. Berre den åker, som ~~samt~~ året før var potetland, blir *ardæ*, og berre på langs, ein gong. Åkeren blir deretter horva og sådd. Kornet blir aldri mylda ned med ard, men med horv.

3

Det er vanleg å bruke ard til å slå opp rader med, når ein skal setja potet, og likeins brukar ein den som hyppepløk. Me kjenner ikkje til annan hyppepløg her i bygda enn arden, og no i seinare tid hestehakka.

4

Fig. 3 er den typen, som frå gamalt har vore i bruk her, men med ei stutt veltefiöl på kvar side. Me kjenner ikkje til at arden har vore festa til draget på meir enn ein måte, med eit jarnlekkje.

5

Skjeker av typ. fig. 4 kjenner me ikkje til.

6

Dei ymse deler på arden er åsen, veltefjølene, styret (altid som på fig 3) og skjæret. Den atterste enden på skjæret kalla dei ilen. Arden vart altid kjört med eit vanlegt plogskjekje.

7

Skjæri på ardane kunne nok vera av ymse skapelon og storleik. Her var vist ingen gard som hadde meir enn ein ard.

1466

Mest alle ardar hadde veltefjöler forat forerne kunne bli sørere og breidare

9 - IO

Ordet ard var ikkje brukt om noko anna reidskap. på dei meir primitive lardtyper var der ingen regulering men på dei meir forseg gjorde var der reguleringsgreide som på fig. 3 c.

II

Ardar som type 5 og 6 kjenner me ikkje til her, men ardar som type 7 har me nok sett i seinare tid, ikkje med ristill, men med veltefjöler av jarn, både stillbare ~~og~~ og ikkje stillbare.

I2

For det fyrste var nokk alle ardar laga på gardane av bygdesmådar eller andre henduge karar, men i siste tid, ~~utan~~ pålag 30 år attende, har dei mykje brukt å kjøpe ardar ~~ein~~ eller annan maskinforretning.

--- I3 ---

Her i Valdres brukast enno på mange stader heimlaga plogar. Me har her enno att av Leiraplogane, laga på Leira i Aurdal og Visteplogane fra Viste i v/Slidre. Dette er plogar med ~~v~~ dobbelt ~~do~~ veltefjöl og godt hövde for mindre gardar og bruk. Desse plogane lagast ikkje no lenger. Mange kjöper no åkerplogar fr å Strand i Hallingdal. Leira- og Visteplogane kostar for 40-50 år sidan 23-25 kr. Vollplogar kjöper no folk frå maskinforretningane.

I4

Den plogtype som var i bruk her til for pålag 80 år sidan, var heilt lik fig. 8 men med vridd veltefjöl av jarn. Tidligare hadde dei, etter di gamle folk fortel, plogar med veltefjöl av tre. Seinare tok dei til med å klæ denne veltefjöla med jarnplator. Det er nok over hundre år sidan slike plogar var i bruk no. Ristilen, skjæret og ila var av jarn, so langt ein har kjennskap attende.

Öks eller spade har ein ikkje hört at plogkaren hadde med, men for det meste eit grev, som han hekta fast i styret på plogen.

16

Kva side dei velta plogen på, når dei köyrde attende?

For det meste på den sida der veltefjöla ikkje sat.

(Sjå elles under 18)

17

För dei kom under med å bruke trinse, var det mest alltid ein trekloss å sjå under framenden på plogåsen.

18

på mange gardar, serleg på dei store, hadde dei både høgre og vinstreplogar. Då trong dei ikkje köyre tomreipes attende. Når dei var framme med fori, tok dei berre den andre plogen og sette for, og ein mann bar på oksli attende den plog som ikkje var i bruk.

19

Dei plöygde 6 opp til 8 tommar med ^{djups} slike plogar. Treklosen framma - seinare trinsa- var til å regulera djup-gonga med. Noko sers navn på denne klossen veit me ikkje av.

R20

Me kjenner ikkje til plogar, som ikkje hadde ristill.

21

Ein slik doning som fig. 10 kan godt ha vore i bruk her om ingen av dei som no lever kan segja dei har sett han.

22

Sers doning til å köyre plog på, veit me ikkje av her.

Ei kjerre eller ein hjulslede vart til vanleg brukt.

23

Falkenstens- eller Jarlsbergs-plogar er ukjende her
på dei gamle plogane
Andre navn på plogdelene, enn dei som er nemde ovenfor,
åsen, ristilien, styret, veltefjöli, skjærer og ila, har
so vidt ein veit, ikkje vore brukt her. Plog og ard-nav
ni har ikkje vore blanda saman, då dei alltid har vore
sedd på som two serskilde ting. Ordet plog uttalar me

her som det blir skrive, men med tjukk l. og ordet ard
også med tjukk l. Ivært talemål er ordi plog og ard
hankjönn.

1466